

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 06.09.2021

Saka vart sett på sakskartet utan saksframlegg.

Roger Pilskog, LO, sette fram slikt forslag:

«Yrkesopplæringsnemnda viser til at tal for formidling til læreplass blir gjort for heile fylket. Nemnda ønsker at formidlings tala syner kor mange elevar som ikkje har fått læreplass blir synleggjort pr. fag og kommune, evt. pr nærskuleområde. Til dette må det og synleggjerast kor mange lærlingar lærebedriftene meiner dei manglar. Ei slik oversikt vil gje nemndas medlemmer moglegheit å oppmode aktuelle lærebedrifter til å ta inn lærling, og det vil samstundes gi betre og naudsynt oversyn og bidra godt til vurderinga når yrkesfagklassane skal dimensjonerast til hausten.»

Avrøysting

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda viser til at tal for formidling til læreplass blir gjort for heile fylket. Nemnda ønsker at formidlings tala syner kor mange elevar som ikkje har fått læreplass blir synleggjort pr. fag og kommune, evt. pr nærskuleområde. Til dette må det og synleggjerast kor mange lærlingar lærebedriftene meiner dei manglar. Ei slik oversikt vil gje nemndas medlemmer moglegheit å oppmode aktuelle lærebedrifter til å ta inn lærling, og det vil samstundes gi betre og naudsynt oversyn og bidra godt til vurderinga når yrkesfagklassane skal dimensjonerast til hausten.